



Sogn og Fjordane  
krets av NSF



ALLTID BEREDT

## STYREMØTE

### Byrkjelo, 5. juli 2015 kl. 12.00

#### Sakliste:

1. Jamboreestøtte
2. Reisefordeling
3. Arbeidsplan til valkomite
4. Politiattest
5. Leiarsamling
6. JOTA/JOTI
7. Kommunikasjon
8. Neste møte

#### Referat:

Til stades: Niels, Eirik, Frida, Wenche og Trine

Forfall: Remco og Asbjørn

#### Sak 1 Jamboreestøtte

Det er sendt ut informasjonsmail til alle (12) som skal på jamboree/føresette om jamboreestøtte frå kretsen. Søknadane som er sendt inn til styremøtet, blir støtta. Resterande som skal på jamboree kan få støtte dersom søknad er sendt til kretsstyret innan 8. september 2015. Frida betaler ut til dei som leverer søknad.

#### Sak 2 Reisefordeling

Det vart diskutert om reisefordelinga skal fordelast etter kvart arrangement eller årleg. Wenche tar oppgåva med å informere gruppene etter kvart arrangement, og det skal ikkje vere kasserar si oppgåve.

#### Sak 3 Arbeidsplan til valkomite

Arbeidsplanen skal vere ferdig i god tid til årsmøtet slik at valkomiteen kan nytte den i arbeidet sitt.

#### Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Niels Larsen, Dalavegen 11, 6885 ÅRDALSTANGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

#### **Sak 4      Politiattest**

Det vart diskutert korleis og kven som skal registrere politiattest. Attesten skal vere tilgjengeleg i Speidarbasen, og det må leverast ny kvart 5. år. Politiattest bør vere eit punkt på leiarsamlinga.

#### **Sak 5      Leiarsamling**

Forslag: 28.-29. august 2015 i Årdal, Førde eller Fjærland.

Tema som vart løfta:

- Førstehjelpskurs – Er det behov og skal kretsen vere ansvarleg for denne opplæringa?
- Praktise tips/idémyldring
- Politiattest
- Årets aktivitetar

Niels undersøker om det lar seg arrangere i Årdal, eventuelt Raude Kross-hytta i Førde.

#### **Sak 6      JOTA/JOTI**

Niels orienterte om saka. Det er avklart med radioamatør (Reidar Nyland) helga 18.-20. oktober 2015. Teigen er ikkje avklart, men stad skal vere på plass til leiarsamlinga.

#### **Sak 7      Kommunikasjon**

Fellesinformasjon går ut på mail. Niels skal få telefon om viktig mail. Før styremøta, 8 til 10 dagar, skal styremedlemmene få saksliste og påminning om møtet. Som nødløysing kan styremedlem vere med på telefon/Skype.

#### **Sak 8      Neste møte**

Neste styremøte finn stad 16. august kl. 17.00 på Flatene skule.

Møtet slutt kl. 14.30.

Referent:

Trine L. Rygg

**Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

c/o Niels Larsen, Dalavegen 11, 6885 ÅRDALSTANGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)